

Møte i arbeidsgruppa for kulturlandskap

Loen 30. oktober 2017

Desse møtte:

Arne Sandnes – saksordførar/ leiar.	Anbjørg Nornes – VOF Nærøyfjorden.
Ottar Longva – landbruksavd., FMMR.	Trude K. Knagenhjelm – landbruksavd., FMSF.
Geir Moen – miljøvernnavd., FMMR.	Magnhild Aspevik – landbrukskontoret ÅLA.
Erling Oppheim – sekretariatsleiar verdsarvrådet.	Inge Bjørndal – næringskontoret, Stranda kommune.
Merete L. Rønneberg - sekr. Geirangerfjordområdet.	

Bakgrunn for møtet:

Verdsarvrådet sitt vedtak/arbeidsgruppa sitt mandat:

Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap er svært uroleg for utviklinga i verdsarvfjordane med omsyn til noverande og framtidig landbruksdrift.

Bevaring av kulturlandskapet har sidan innskrivinga på verdsarvlista i 2005 vore ei viktig og prioritert sak for Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.

Med dette som grunnlag er Verdsarvrådet i denne saka samde om følgjande:

1. *Investeringsmidlar omtalt i «Tiltaksplanen for kulturlandskapet i Vestnorsk fjordlandskap og Vegaøyan» må inn på statsbudsjettet.*
2. *Det vert sett ned eit arbeidsutval med repr. for Verdsarvrådet og forvaltninga som til neste møte ser nærrare på vegen vidare for å få til ei auka landbruksatsing for å ta vare på kulturlandskapet.*
3. *Arne Sandnes får i lag med sekretariat og leiarskapen mandat til å fylgje opp saka vidare.*

Med dette som grunnlag samt direkte tilbakemeldingar i møte den 29. august og seinare sonderingar vert følgjande arbeidsutval oppretta for å ta saka vidare/ utarbeide eit grunnlagsdokument for Verdsarvrådet sin drøftingar og konklusjonar.

1. Arne Sandnes - saksordførar/ leiar av arbeidsutvalet
2. Merete L. Rønneberg - sekr. Geirangerfjordområdet.
3. Erling Oppheim - sekr. Nærøyfjordområdet.
4. Trude K. Knagenhjelm - medlem, FMLA Sogn og Fjordane
5. Geir Moen - medlem, FMMA Møre og Romsdal (Verneområdeforvaltar Geirangerfjorden)
6. Anbjørg Nornes - medlem, verneområdeforvaltar Nærøyfjorden.
7. Inge Bjørndal - næringsssjef, Stranda kommune.
8. Magnhild Aspevik - landbrukskjef, ÅLA. (Årdal, Lærdal og Aurland)
9. Ottar Longva - medlem, FMLA Møre og Romsdal.

Neste møte i Verdsarvrådet er sett til den 7.- 8. november med Geiranger som møtestad. Til dette møtet må vi kunne presentere ein samla oversikt over kva midlar som går til dei enkelte avtalepartane til skjøtsel av kulturlandskapet i Geirangerfjordområdet og Nærøyfjordområdet.

Dette må omfatte midlar løyvd gjennom både landbruksforvaltninga og verneområdeforvaltninga.

Referat frå møte i arbeidsgruppa i Loen

1. Velkommen ved Arne Sandnes

- Kort om bakgrunnen for saka
- Kulturnaskapssaka i fokus frå starten av i VA-samanheng. Aktivt landbruk basert på husdyrhald er middelet mot attgroing.
- Historikken fram til i dag
- Ynskjeleg med klargjering av mandat for arbeidsgruppa og korleis gruppa skal vere samansett.

2. Rundt bordet. Kort om status

- Erling:
 - Er henta inn informasjon frå landbrukskontor og landbruksavd. + regionalt miljøprogram, forvaltingsmidlar. Smil-ordninga er ikkje tatt med pga. store variasjonar frå år til år på kven som får midlar.
Signal frå koordinatorsamlinga: Særs viktig at vi får «lobba» i komiteane – må bruke dei politiske kanalane for å nå fram.
- S&F, Landbruk v/Trude
 - Tilskotsordningane er praktisert litt ulikt i dei to fylka.
 - Søknadsfrist på årets midlar 15. okt. i S&F – nesten ingen som søkte, mange bønder opplevde det som eit forvirrande opplegg! No fått inn søknadar frå nesten alle.
- Magnhild, Landbruk, Nærøyfjordområdet:
 - Er laga oppfølgingsplan for bønder i Nærøyfjordområdet. Gardane som mottek midlar i sørrområdet er godt drifta. 13-14 stk. innanfor området i sør, aktive gardsbruk. Godt samarbeid med verneområdeforvaltinga og også opp mot SMIL-ordninga.
 - Nærøyfjorden: Mykje kulturnaskap innanfor VA som vert drive som aktivt landbruk. God kontakt mellom ulike forvaltningsnivå – gir best mogleg støtte totalt sett. Også skjøtselsmidlar.
- M&R Miljø v/Geir Moen:
 - Har fått 330.000 kr ekstra til verdsarvmidlar i år – overført til landbruksavdelinga.
 - Artsrike slåttemarker: 10 av lokalitetane er utanfor landskapsvernombordet. Alle desse har skjøtselsplan. I verneområde: Knisvflå og Skageflå har skjøtselsplan og mottek midlar.
 - Verneområdestyret har ikkje sett av midlar til årleg skjøtsel i området. Sett opp ein post til beiting i området – ikkje tatt i bruk i år.
- M&R, Landbruk v/Ottar:
 - RMP og andre slike verkemidlar ikkje sett opp mot ordninga med VA-midlar.

- Midlane frå Miljødep. og Landbruksdep. er i praksis slått saman i ein pott ved fordeling frå fylket.
- Etter fyrste søknadsrunde VA-midlar : ser ut til å ha gått greitt.
- Mest krevjande å handsame: Fellesfjøsen i Geiranger/bruk av investeringsmidlar
 - Refr. brev frå to statsrådar – det er moglegheit til å bruke ordinært VA-tilskot til investering.
 - Føringer på løyvingar av investeringsmidlar. Korleis gjere ting formelt korrekt?
 - Eigentleg er det ei investeringsstøtteordning som ikkje er heimla i noko forskrift.
 - Kva skjer dersom ein part seinare vil inn, eller ein trekkjer seg?
 - Kva forpliktingar ligg her for dei som mottek støtte?
 - Usikre på korleis eit vedtak om støtte skal kunne formast. Formalitetar er lite avklara, og det kan fort bli litt pengar i dette. Må vere ei investering som er knytt til foretaket.
 - No er det to bønder att som vil starte opp. Må vere ei opning for kva som kan skje i framtida – folk inn/ut.
- RMP-ordningane går som eiga ordning, - vert ikkje sett i samanheng med VA-midlane.
- Inge Bjørdal, næring, Stranda kommune
 - SMIL og RMP går uavhengig av verdsarvmidlane
 - Fellesfjøsen: Pågår arbeid enno. No: prøver å ta ned kostnadane.
 - Skilnad mellom nord- og sørrområdet i korleis VA-midlane vert fordelte.
 - Ved starten: Definerte områda i tre ulike typar areal. Arealtilskottet differensierer ganske mykje basert på kor arbeidsintensive areala er (halling, storleik, arrondering)
 - Retningsliner for korleis ein skulle gje tilskota var ikkje definert ved oppstart, og difor vart arbeidet med å få dette på plass sett i gang i regi av fylkesmannen i tett samarbeid med næringsavdelinga. Systemet /hovudprinsippa er stort sett uendra, men satsar og fordeling mellom ulike tilskottsggrupper er tilpassa undervegs (behovsvurdering).
 - Problem at det byrjar å bli så få som er att: Arnfinn, Trond, Roar i Geiranger
 - Rekrutteringa til landbruket i randområda: Landbruket i Stranda er vitalt, mange som byggjer nye driftsbygningar. Mindre bruk som ikkje oppfyller effektivistets- og produksjonskrava i det tradisjonelle landbruket må stimulerast til å satse på tilleggsnæringer/nisjeproduksjonar dersom dei ikkje skal gå ut som aktive landbrukseigedommar.
- Arne:
 - I Norddal: sett i gang eit utviklingsprosjekt i Eidsdal/Norddal: Vekst Eidsdal-Norddal. Tildelt prosjektmidlar. Budsjett på vel 300.000. Kartlegge moglegheiter for næringsaktivitet i området.
 - Ein del bruk som har areal innanfor grensene

- Herdalen aktivt – 2 aktive brukarar
- Inntrykk av djup pessimisme m.o.t. nyrekuttering i landbruket
- Samrådingsmøte på Molde med Storfjordens Venner – ivaretaking av det gamle kulturlandskapet.
- Ottar:
 - Landbruksavdelinga med Fylkesmannen – Til orientering: frå 2020 vert VA-midlane overførte til kommunane. Forvaltast derifrå. Utviklingsmidlane kjem truleg til å bli overtatt av fylkeskommunen, og går ut av fylkesmannen sitt ansvarsområde.
- Erling: Kommentar: Dette vert endå meir byråkratisk og tungvindt.

3. Gjennomgang av arbeidsutvalet sitt mandat

- Arne
 - las opp si tilbakemelding på referatet frå VAR i Bergen: Ynskjer at mandatet skal gje større handlingsrom
 - Har moglegheit for å løfte politikken opp på eit høgare nivå – der landskapet er målet og landbruket er verkemiddelet.
- Erling:
 - Semja i VAR bygg på ei lydfil. Vedtaket er forma ut frå den.
 - Viktig at ein ikkje mistar fokus på å styrke eksisterande ordningar i fyrste omgang.
 - Ny landbrukspolitikk vil ta tid å få innført.
- Arne
 - Bør ikkje vere motsetnader mellom å styrke eksisterande ordningar og arbeide for ein ny landbrukspolitikk i området.
 - Ny politikk: Må utviklast ved å få med bønder og forskingsmiljø
 - Den Sveitsiske modellen – landbruket har kome inn i grunnlova. I einskilde område er landbruket mei r ein kulturlandskapspleiar enn ein matprodusent– ta ut maks verdi for reiselivet. Mekanisering i brattlende bruk, foredling av mat og sal av mat, kombinert med reiselivssatsing. Målet er primært å pleie eit vakkert landskap.
- Inge
 - Samd i synspunkta om at ein må arbeide med få etablert spesielle landbrukspolitiske verkemiddel for VA-områda der siktemålet er betre innretta på det ein kan kalle eit «kulturlandskapslandbruk». Dette er spesielt viktig i område som har stor/nasjonal/internasjonal betydning i reiselivssamanheng som t.d. Geiranger.
- Ottar:
 - Kan dele verkleghetskildringa til Arne
 - Landbruket i Geirangerområdet – ikkje i posisjon til å bli prioritert i IN
 - Fylkesmannen – kan ikkje vere med på lobbyverksemrd mot eigen statsråd der målet er å endre politikken i området. Viktig med forståing av Fylkesmannen sitt mandat og rolle.
- Anbjørg:

- Om bruk av øk.midlar: Landskapet ein vil ta vare på – ligg føringar i verneplanen
 - Jamfør naturmangfaldslova – kan prioritere midlar til å ta vare på kulturlandskap
- Magnhild
 - Viktig med direkte kontakt mot bøndene
 - Setje i verk tiltak som dei ynskjer
 - Kanskje bør vi tenkje litt meir rekruttering – verkemiddel med jordlova. Kan vere meir aktive her, viss ein har ressursar
 - Får no utvalde kulturlandskap i fleire delar av Noreg
- Erling:
 - Signal frå bønder – yrkesstoltheit – bonden som matprodusent
- Merete
 - Dersom ein skal arbeide for ein ny landbrukspolitikk i området – viktig å ha med bøndene i prosessen – ikkje tre noko nedover hovudet deira
 - Vere obs på at landbruket i nordområdet er svært mangfaldig – brattlendte bruk, dels meir prega av kulturlandskapsskjøtsel enn matproduksjon, men særleg i randsonene (med beiting i VA-omr.) fleire bruk som driv tradisjonelt landbruk der matproduksjon står sterkt. Viktig at ein i framtida tek vare på dette mangfaldet.
 - Forvaltinga viktig å ha med – kunnskapen. Vere varsam med å setje saman ei gruppe der det vert tynt med kunnskap og mykje «synsing». Grepav tek må vere grundig vurderte og byggje på kunnskap.
- Arne
 - Vårt område kan bli ei skulestove for korleis mat og verdiar vert skapt
 - Bør ha med bøndene, forskinga, kanskje Storfjordens Venner
- Ottar
 - Forvaltinga med som faktaleverandør og diskusjonspartner.
 - Bør vere obs på Utvalde kulturlandskap(UKL) og verdsarv (VA) har no blitt ein pakke m.o.t. tilskotsmidlar. Ein bør vere medvitn på korleis ein strategisk arbeider her...
 - Spes. landbrukspolitikk
 - UKL og VA saman i argumentasjon
 - VA har ein status som UKL ikkje har
 - Merk: Ser ein det frå Oslo, er det ikkje så stor forskjell på UKL og VA...

4. Tilskot til tiltak i utvalde kulturlandskap – orientering om søknadsomgang/praktisering ved landbruksavd.

- Status nett no: Søknadane lagt på vent av praktiske årsaker. Fyrst UKL søker fram til 1. nov. Etter det gjennomgang av søknader.
- UKL: 1-3 i kvart fylke. Fram til 2017 skilt frå VA. Så politisk initiativ – 2 forskrifter vert slått saman til ei. Frå og med 2017 – vert dette eitt løp. Ulike tilskotssatsar og vilkår, men same forskrift. Prøvd å gjere søknadane så like som mogleg. No: det er ei felles ramme. Utvida med 4 mill. – knytt til at tal UKL område er blitt fleire. For VA same ramme.

- Når ein slår saman midlane i same pott – risiko at VA-midlar kan bli redusert. Meir av pengane kan gå til UKL? Har helde VA på same nivå som før (+ 330.000 som kom ekstra. (M&R))
- Usikkerheit kring fordeling av midlane:
 - Auken på 4 mill. skal fordelast likt mellom områdesatsingane (UKL og VA). Det vil i så fall seie ein auke på 2 mill til VA? I M&R har ein tre UKL område og eitt VA område... Skal ein då tenkje 1 mill til kvart fysiske område? Uklart korleis ein skal tolke dette...?
- Trude: sett opp oversikt over søknader i år. Søknadar på investeringar til 3,8 mill i år. Dvs. den nye forskrifta med delen som går på andre tiltak – folk ser moglegheita til å søke på andre ting enn areal og beite.
- Ottar: Korleis vil ein handtere etterspørsel til investering fjøs?
- Trude: vil prioritere det som går etter avtalene først – deretter investeringar...
- Ottar: Har gjeve betinga tilbakemelding om at ein kan vere med å delfinansiere fjøs i Geiranger. Men mange spørsmål av praktisk, juridisk og formell karakter...
- Erling: Redd for at ny forskrift sparkar beina under den etablerte avtalen/avtalane! Må få kontinuitet i dette og framhald! Investeringsmidlane - viktig å få dei på plass, men bør ikkje ete av potten til beiting og slått.
- Magnhild: Dei årlege midlane er med å styrke økonomien på bruket slik at ein kan satse på utbygging.
- Trude: legg til grunn same arealsatsane som i fjar. Endra litt på beitesatsane.
- Arne: Viktig å ikkje ete av ei driftstilskotsordning. Må få eiga ordning på investering.
- Ottar: Prioriterer dei avtalane som ligg der først. Så: legitimt føremål å investere i fellesfjøs, men derifrå og ut – usikker på korleis det skal handterast.
- Inge: Viss VA midlar til fjøset – det kan bli ei sterk forfordeling til dei få som skal byggje fjøs... Reaksjonar?
- Bør kanskje komme med konkret framlegg til endring IN-regelverket – ikkje forkorting i midlane sjølv om ein får VA-tilskot.
- Inge: vegen via IN bør prøvast. Bør få endring i regelverket.
- Ottar: Eg minner om brevet frå statsrådane der dei gir føringar for bruk av VA midlar.

5. Tilskot til skjøtsel og beiting

- Erling samlar alle midlane i ein tabell, både for nordområdet og sørrområdet
- Sjå kva som går inn til einskildbruk – driftssenter innanfor og utanfor VA-området
- Få sette tala inn i tabellar som har om lag same type oppsett for nord- og sørrområdet (så langt det er mogleg). Bør gje god oversikt.
- Gjerast snarast råd. Viktig at landbruksavdelingane bidreg med sitt materiale og naudsynte avklaringar.

6. Kva seier framlegg til Statsbudsjett 2018

- Ottar:
 - Budsjettpostane UKL og VA ein post + 4 mill frå 9,5 til 13 mill.
 - 330.000 kom inn frå Mil.dir. til nordområdet (søkt knytt til investeringsmidlar)
- Trude

- RA – 9 mill. til VA
- Erling
 - Ligg midlar på både RA og Mil.dir.
 - Om lag same rammer som før
- Arne:
 - Til VAR – viktig at ein får informasjon om budsjettsituasjonen
- Trude
 - Landbruksdep. burde kanskje vore repr. i VA-rådet?

7. Vegen vidare – drøftingar og konklusjonar

- Arne
 - Presisering av mandatet ynskjeleg frå VAR
 - Ynskjer aksept for utviding av arbeidsgruppa
 - Arbeidet vidare må definerast som prosjekt m. prosjektleiar m/finasiering frå kommunar, fylkeskommunar m.fl. Må vere prosjekt med tyngde og legitimitet. Truleg eit arbeid som vil ta eit par år.
 - Denne arbeidsgruppa som styringsgruppe.
 - Styringsgruppa må arbeide med å få prosjektet finansiert.
 - Gruppa bør kanskje utvidast med bønder og akademia.
 - Arbeide vidare med tiltakspakken vi har.
 - Parallelt arbeid med ny landbrukspolitikk.
- Anbjørg
 - Næringsa sjølv må dragast med
- Erling
 - Bakgrunn for arbeidspakken – var ute og snakka med alle 1 til 1 i Nærøyfjordområdet. Bør kanskje gjerast også no...? Få direkte innspel frå næringa på deira behov.
- Arne:
 - Landbruket bør vere med og vere likeverdige partnarar i prosjektet
- Magnhild
 - Få med landbruket
- Inge:
 - Det langsiktige perspektivet må vere med. Noreg betaler inn store midlar til EØS. Kan det vere mogleg å få finansiert opp noko frå desse midlane?
- Arne:
 - Bør sjekke ut alle moglegheiter. Vestlandsforsking – Ivar Petter Grøtte. Noko å lære av andre land her.
- Magnhild: Ide å kople på forskarmiljø?
- Erling: VI må ha eigarskapen til prosjektet
- Merete: Kople på forskarmiljø ut frå behov etter kvart. Bønder bør kanskje inn i gruppa, men kjem an på korleis ein organiserer. Uansett viktig at dei vert sterkt involverte.
- Ottar: Merk: Som statstenestemann – vil ikkje komme i ein posisjon der vi er med på å førebu «lobbing» mot eigen statsråd.

Førebels konklusjon

Det vert lagt fram ein statusoppdatering på arbeidet så langt for Verdsarvrådet.

Arbeidsgruppa ber Verdsarvrådet om mandat til vidare arbeid etter følgjande føringer:

- Arbeidsgruppa får mandat til å arbeide for å opprette eit eige prosjekt med prosjektleiar for vidare satsing på kulturlandskapssaka. I dette ligg òg å få på plass finansiering.
- Ein ser for seg eit 2-årig prosjekt.
- Det skal oppretta ei styringsgruppe (kan vere eksisterande arbeidsgruppe) og ev. prosjektgruppe(r).
- Aktive bønder skal involverast i arbeidet, og ein må ta utgangspunkt i kva som skal til for å oppretthalde aktiv landbruksdrift i verdsarvområdet og randsonene.
- I fyrste omgang skal det arbeidast for å styrke eksisterande og tilrådde tiltaksordninga i tiltaksplanen.
- Med basis i eit fagleg grunnlag, og landbruksnæringa i området sine behov, kan/skal det arbeidast for å etablere ein eigen landbrukspolitikk for verdsarvområdet og randsonene.
- Forskingsmiljø kan koplast på arbeidet etter behov.
- Arbeidsgruppa legg fram framlegg til prosjektorganisering til neste møte i Verdsarvrådet.
- Arbeidsgruppa understrekar at arbeidet med å styrke eksisterande/tilrådde ordningar i tiltaksplanen må ha høg prioritet frå dags dato og i tida framover, uavhengig av arbeidet med ein eigen landbrukspolitikk for verdsarvområdet med randsoner.

8. Ymse –ingen saker tatt opp her.

Geiranger 3. november 2017

Merete Løvoll Rønneberg, referent